

## 3.1 Samfunnsutvikling

### Befolkningsutvikling med framskrivingar

Giske er ei «omvendt» kommune både når ein samanliknar med kommunane i fylket og i landet elles. Det har vore stor tilflytting dei siste åra, og det er ei forholdsvis ung befolkning slik tabellane syner. I fylkessamanheng er Giske den kommunen som har størst innbyggjarvekst dei siste 10 åra. Ein ser likevel ei utflating i tal nyfødde, og den generelle befolkningsveksten har stagnert. Trenden framover er at tal på barn i barnehage går nedover, mens tal på eldre med hjelpebehov aukar også her i kommunen. Det er desse tenestene som vil prege økonomien i perioden.

#### Befolkingsauke sidan 2015

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Giske innbyggartal	7 924	8 094	8 176	8 292	8 398	8 462
Giske prosentvis	2,39 %	2,15 %	1,01 %	1,42 %	1,28%	0,76%
Landet prosentvis	1,11 %	0,93 %	0,85 %	0,71 %	0,61%	0,74%

Tal henta frå Statistisk Sentralbyrå. Vis tal frå starten av året.

#### Befolkningsframskriving dei neste 10 åra

	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2022
Giske normal vekst	8 606	8 681	8 756	8 831	8 908	8 982	9 054	9 126	9 196	9 266	8 606
Giske høg vekst	8 645	8 739	8 835	8 934	9 036	9 136	9 236	9 336	9 436	9 536	8 645
Årleg auke Giske	-	0,87	0,86	0,86	0,87	0,83	0,80	0,80	0,77	0,76	0,87
Årleg auke landet	-	0,50	0,49	0,48	0,48	0,47	0,46	0,45	0,44	0,43	0,50

Tal henta frå Statistisk Sentralbyrå

#### Framskriving med aldersgrupper

	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
0	92	92	91	91	92	93	94	96	97	98	99
1-5	603	582	558	526	511	504	508	510	515	520	527
6-12	831	850	848	873	887	876	867	841	821	801	771
13-15	386	370	393	354	353	347	351	377	379	390	393
16-19	453	450	447	480	476	486	485	449	462	452	471
20-44	2 701	2 724	2 740	2 763	2 761	2 793	2 808	2 828	2 814	2 816	2819
45-66	2 224	2 239	2 265	2 278	2 312	2 303	2 317	2 362	2 410	2 438	2463
67-79	893	933	947	988	1 010	1 044	1 063	1 090	1 104	1 136	1150
80-89	275	289	312	322	347	385	408	421	439	456	480
90+	76	77	80	81	82	77	81	80	85	89	93

Tal henta frå Statistisk Sentralbyrå

## Årleg endring av aldersgrupper

	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
0	-7	0	-1	0	1	1	1	2	1	1	1
1-5	-25	-21	-24	-32	-15	-7	4	2	5	5	7
6-12	-17	19	-2	25	14	-11	-9	-26	-20	-20	-30
13-15	42	-16	23	-39	-1	-6	4	26	2	11	3
16-19	2	-3	-3	33	-4	10	-1	-36	13	-10	19
20-44	4	23	16	23	-2	32	15	20	-14	2	3
45-66	16	15	26	13	34	-9	14	45	48	28	25
67-79	51	40	14	41	22	34	19	27	14	32	14
80-89	4	14	23	10	25	38	23	13	18	17	24
90+	2	1	3	1	1	-5	4	-1	5	4	4

Tal henta frå Statistisk Sentralbyrå.

## Prosentvis samla befolkningsendring 2020-2025

0	1-5	6-12	13-15	16-19	20-44	45-66	67-79	80-89	90+
-7,07 %	-18,63 %	4,60 %	2,62 %	5,54 %	2,37 %	4,71 %	19,95 %	28,04 %	10,81 %

Tal henta frå Statistisk Sentralbyrå

Det er stort fokus på eldrebølga som er venta, og at denne er kostnadskrevjande. Ein ser stor auke i tal på personar med demens-liding. Dei siste åra har godt over 50 personar fått diagnosen demens årleg. Dette gir nye utfordringar i framtidsbildet, og gjer at kommunen må arbeide vidare med tilrettelegging av tenester i heimen, og ikkje minst vidareutvikling av velferdsteknologi.

I Giske ser ein også at det å ha mange barn, og mange med utfordringar, er lik eller meir krevande økonomisk enn å tilrettelegge tenester for eldre.

## Bustadutbygging

Kommuneplanens arealdel (2018) legg føringar for ei stor bustadutbygging i kommunen. Fram til og med 2020 har det vore etter måten bra aktivitet når det gjeld utarbeiding av nye reguleringsplanar. Frå og med 2021 er det imidlertid kun oppstarta eit fåtal nye planarbeid . Tidlegare prognose om opptrapping av utbygging mot slutten av økonomiplanperioden har difor ikkje skjedd.

Avhending av kommunal grunn som er regulert- eller som i kommuneplanens arealdel er avsett til utbyggingsføremål vert i det vidare å avhende som råtomtarea. Øvrige kommunale bygg som ikkje skal nyttast vidare som føremålsbygg vert å avhende i samsvar med rullert arealdel.

Giske skal igjen ta i bruk verktøyet «utbyggingsavtale» for å få fortgang i bustad- og næringsutviklinga. Det vil seie at private som ønsker å bygge ut bustadområde, etter avtale med kommunen, kan bygge ut teknisk infrastruktur for eiga rekning og overlevere tekniske anlegg til kommunen når dei er ferdig utbygde.

## Næringsutvikling

Giske er blant dei 5 største fiskerikommunane i landet. Gjøvsund, mellom Vigra og Valderøya, er prioritert satsingsområde for næringsutvikling med eit 30-tals bedrifter og meir enn 700 tilsette. Fiskerinæringa og leverandørar har ca 4 mrd kroner i omsetning. Kommunen er no i gang med mudringsarbeidet i Gjøvsundet med Aurstad Tunnel AS som utførande

entreprenør. Giske kommune er byggherre. Det vert etterkvart opna for nye næringsetableringar på begge sider av sundet, og landområda vert utvida med mudringsmasse.